

Lønning styreleiar i Rogaland Landbrukspark

Dr. philos. Dag Jørund Lønning frå Stord er valt til styreleiar for Rogaland Landbrukspark SA .

Rogaland Landbrukspark SA (RLP) vert Noregs største kompetansesenter for landbruk. Ni kunnskapsinstitusjonar i Rogaland har gått saman om å etablere selskapet. Kunnskapsparken er fysisk lokalisert til Særheim i Klepp kommune på Jæren, og utgjer samla nærare 150 kunnskapsarbeidsplassar. RLP ønskjer å vera ein sentral medspelar i den vidare utviklinga av landbruket og bygdenæringane



Dag Jørund Lønning har fått seg eit sentralt styreverv innanfor norsk landbruk. ARKIVFOTO

både i Rogaland og resten av landet, melder dei i ei pressemelding.

Følgjande aktørar er medeigarar per januar 2012: Tine SA, Norsk Landbruksrådgjeving Rogaland, Høgskulen for landbruk og bygdenæringar BA, GENO, Veksthusringen, Vinterlandbruksskulen på Jæren, Øksnevad vidaregåande skule og Klepp rekneskapslag.

■ Dag Jørund Lønning er til dagleg rekor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar. Han er yngre bror av journalist Per Ståle Lønning og bonde Kjell Lønning.

KJETIL ØSTREM

kjetil@sunnhordland.no

Bladet Sunnhordland 10.01.12